

## Referat frå møte i Arbeidsutvalet for Forsand Barnehage 05.10.11.

Til stades: Elsa Haukelid, Hege Tunglund Langbakk, Helen Oaland, John Erevik, Synnøve Lerang

Fråfall: Mona Larssen Kjærvoll

Saker:

- Val av leiar og nestleiar; Elsa held fram som leiar medan Helen er nestleiar for barnehageåret 2011-2012
- Foreldresamarbeid. Barnehagen har fokus på foreldresamarbeid, og har sidan i haust laga "Fredagsposten" for å gje føresette informasjon om barna sin kvardag i barnehagen. Fredagsposten blir hengt opp på kvar base, og den blir lagt ut på barnehagen sin nettside. Det vert stilt spørsmål frå barnehagen om føresette les informasjonen som kjem frå barnehagen. Det ser ut for at det er ein del foreldre som ikkje nyttar nettsida, og AU meinte at vi må informere føresette om at det er mogleg å abbonere på "nyheter" frå barnehagen. Dvs at ein får informasjonen på eins eigen mail.  
AU ønskjer og å auke føresette sitt engasjement ved å gjere seg meir synlege for foreldra. Hege tek ansvar for å lage eit informasjonsbrev der AU og kvad ei kan bidra med i barnehagen, blir presentert. Informasjonen skal leggjast i hyllene til barna
- Arrangement før jul. AU skal ha nytt møte for å planlegge juleverkstad ev teit alternativ til juleverkstad
- Temamøte for føresette. Vi ønskjer innspel frå foreldre om kva tema som skal veljast til foreldremøte/temamøte. Møte blir halde i løpet av våren
- Bokprosjekt i barnehagen.  
Barnehagen planlegg å lage bok om vennskap i barnehagen. Målet med boka er å setje fokus på vennskap mellom barn frå 1-6 år. Ved å setje fokus på vennskap, kan ein bevisstgjere barn på eigen og andre si åtferd, og dermed kunne førebyggje mobbing. Arbeidet med boka skal og bevisstgjere vaksne på barna sine vennskap frå dei yngste til dei eldste barna i barnehagen.
- Føresette med delt omsorg for barn. Det vert stilt spørsmål om barnehagen er bevisst på dei familiane der føresette ikkje bur saman. Barnehagen prøver å møte den enkelte familie og deira behov, men vil ta dette tema opp i personalgruppa.
- ICDP: foreldreveiledningskurs. Det var ingen som meldte seg på kurset som var planlagt nå i haust, men det vil komme tilbod om nytt kurs frå januar.

Forsand 05.10.11

Synnøve Lerang

Ref.